



Bakgrunn for vedtak

Vassleidning i Brusdalselva

Ålesund kommune i Møre og Romsdal fylke



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshaver	Brødrene Sunde AS
Referanse	
Dato	17.02.2016
Notatnummer	KI-notat 6/2016
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Bård Andreas Selstad Ottesen

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Samandrag

NVE har motteke ein søknad frå Brødrene Sunde AS, datert 13.04.2015, om løyve til å la eksisterande vassleidning i Brusdalselva bli liggjande der den ligg i dag.

Brødrene Sunde AS har lagt ny vassleidning, PE-røyr med diameter 110 mm, i Brusdalselva og Spjelkavikelva på strekninga mellom Brusdalsvatnet og Sunde sine fabrikkannlegg i Spjelkavika. NVE har 02.10.2012 vedteke at plassering av vassleidning på elvebotnen mellom Brusdalsvatnet og Litlevatnet treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

Brødrene Sunde søker no om løyve til å la eksisterande vassleidning i Brusdalselva, frå pumpehuset og ned til Litlevatnet (515 m), bli liggjande der den ligg i dag. På strekninga mellom Brusdalsvatnet og pumpehuset (85 m) vil det bli lagt ny vassleidning i grøft og eksisterande vassleidning i elva vil bli fjerna.

Ålesund kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at vassleidningen bør ut av elva og gravast ned på land. **Møre og Romsdal fylkeskommune** kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. **Brusdalsvassdragets grunneierlag** går inn for at vassleidningen vert fjerna frå vassdraget. **Ålesund Jeger og Sportsfiskerforening (ÅJSF)** viser til at vassleidningen gjer det vanskeleg å drive kultiveringsarbeid i elva og at leidningen er visuelt skjemma.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje verknadane bryte med dei føringane som er gjeve av Olje- og energidepartementet. Vidare må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå. I vedtaket har NVE lagt vekt på at ein open vassleidning i Brusdalselva vil kunne få negativ verknad for bestanden av sjøaure i eit vassdrag med store fiskeinteresser. Vassleidningen kan også få negativ verknad for bestanden av elvemusling i elva. Dette er i konflikt med OED sine retningslinjer. Vi har også lagt vekt på at tiltaket vil redusere opplevingsverdien ved ferdsel langs elva og utøving av fiske.

Etter NVE si vurdering vil ikkje dei positive sidene ved å la vassleidningen bli liggande i vassdraget overstige desse ulempene.

Det er utanom å fjerne vassleidningen frå elva få avbøtande tiltak å sette inn, og eit avslag på søknaden vil etter NVE si meining best ivareta allmenne interesser knytt til biologisk mangfald og brukarinteresser. NVE vurderer alternativet med å grave ned vassleidningen på nordsida av elva, langsetter den kommunale vassleidningen, som det beste alternativet med tanke på å redusere inngrep og påverknad for allmenne interesser.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at ulempene ved å la vassleidningen i Brusdalselva bli liggjande er større enn fordelane. Kravet i vassressurslova § 25 er ikkje oppfylt, og NVE avslår difor søknaden frå Brødrene Sunde AS om løyve til å la vassleidningen bli liggjande i Brusdalselva.

Dersom det ikkje vert gitt konsesjon etter vassressurslova § 8, til å la vassleidningen bli liggande i Brusdalselva, er tiltaket å rekne som lovstridig. NVE som vassdragsmyndigheit har då plikt til å pålegge retting av tiltaket.

Innhold

Samandrag.....	1
Søknad.....	2
Høyring og distriktsbehandling.....	5
NVE si vurdering	11
NVEs konklusjon	17

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Brødrene Sunde AS, datert 13.04.2015:

«Brødr. Sunde AS søker herved, iht. lov av 24. november 2000 om vassdrag og grunnvann (Vannressursloven), om konsesjon for følgende tiltak:

- *Å la eksisterende vannledning (PE 110 mm, 515 m lang) i Brusdalselva, dvs. fra pumpehuset og ned til Lillevatnet, bli liggende der den ligger i dag. På strekningen mellom Brusdalsvatnet og pumpehuset (85 m) vil den nye vannledningen bli lagt i grøft (eksisterende vannledning i elva fjernes).*

Søknaden om konsesjon er begrenset til vannledningens tekniske levetid, anslått til ca. 50 år. Når vannledningen er moden for utskiftning, eller dersom det i fremtiden blir aktuelt å øke kapasiteten på ledningen, er Brødr. Sunde åpne for å flytte den på land.»

Vassleidning i Brusdalselva, hovuddata

TILTAKET inkl. både konsesjonspliktig og ikkje-konsesjonspliktig del		
Inntak	moh.	25,96 – 24,61
Avløp	moh.	0
Lengde på aktuell elvestrekning	m	2230 ¹ / 600 ²
Vassleidning, lengde og diameter	m	
- Polymerfabriken – E39 (2 stk PE 110 mm a 530 m, nedgrave)	m	1060
- E39 – Demning like nedanfor Litlevatnet (2 stk PE 110 mm a 530 m, i kanalen)	m	1060
- Litlevatnet (1 stk PE 110 mm a 675 m, i vatnet)	m	675
- Brusdalselva opp til pumpehuset (1 stk PE 110 mm, i elva)	m	515
- Pumpehuset – Brusdalsvatnet (1 stk PE 160 mm, i grøft) ³	m	85

¹ Samla lengde på Spjelkavikelva mellom Brusdalsvatnet og sjøen. ² Lengde på Brusdalselva (Litlevatnet og kraftverkskanal ikkje inkludert).

³ Det ligger ein PE 90 mm i elva i dag, og det vert søkt om å bytte denne ut med ein PE 160 mm i grøft på land.

Om søkjar

Brødrene Sunde AS har over 50 års erfaring i produksjon av polystyren og er i dag leiande i Skandinavia når det gjeld produksjon av ekspanderbar polystyren (EPS) og ferdigprodukt av EPS. Konsernet produserer og distribuerer sine produkt frå seks land i Europa. Konsernkontoret ligg i Oslo. I Noreg har Brødr. Sunde AS sitt hovudkontor i Ålesund og frå seks sals- og produksjonsanlegg vert Sunpack og Sundolitt produsert og distribuert over heile landet. Brødrene Sunde AS er eigar av varemerka "Isopor" og "Sundolitt" som er mykje nytta uttrykk for EPS.

Skildring av området

Brusdalsvassdraget består av Brusdalsvatnet med nokre mindre tilløpsbekkar og utløpselva. Utløpselva består av Brusdalselva som renn frå Brusdalsvatnet til Lillevatn og Spjelkavikelva frå Litlevatnet og ned til sjøen. Brusdalselva/Spjelkavikelva er eit bynært vassdrag som er betydeleg påverka av tekniske inngrep. Vassdraget er samtidig eit mykje nytta friluftsområde og eit vassdrag med viktige biologiske kvalitetar.

Brusdalsvatnet er hovudkjelde til den kommunale vassforsyninga i Ålesund. Det er bygd ein betongdam ved utlaup av Brusdalsvatnet med luke for slepp av vatn og fiskepassasje. Brusdalsvatnet er regulert med 1,35 m, mellom kote 25,96 (HRV) og 24,61 (LRV).

I følge Ålesund kommune vert det i snitt tatt ut ca. 55 000 m³ råvatn per døgn, noko som utgjer ca. 640 l/s. Brødrene Sunde sitt uttak av prosessvatn skjer innanfor den konsesjonen som Ålesund kommune har. Brødrene Sunde har i dag avtale med kommunen på uttak av inntil 500 m³/døgn.

På strekninga mellom Brusdalsvatnet og Litlevatnet renn Brusdalselva gjennom eit skogsområde. Elva renn i det opphavlege elveleiet, men har steinsatte elvebredder. Den øvste delen av denne strekninga, frå gangbrua ovanfor Litlevatnet og opp til Brusdalsvatnet, står fram som den minst påverka delen av den aktuelle elvestrekninga. Frå gangbrua og ned mot Litlevatnet ligg det industri-/næringsareal nært inntil vassdraget på sørsida.

Litlevatnet framstår som ein lokal idyll og er eit viktig turområde for befolkninga i Spjelkavik. Det er opparbeidde stiar langs vatnet, både på nordsida og sørsida. I Litlevatnet ligg det i dag to vassleidningar nedsenka på botnen. Den eine tilhøyrrer Brødrene Sunde og den andre tilhøyrrer Ålesund kommune. Kommunen sin vassleidning er ført i land på nordsida av Litlevatnet, like nedanfor utløpet av Brusdalselva.

Ved utløpet av Litlevatnet ligg ein gamal dam med fisketrapp. Demningen vart opphavelig bygd i 1917, i samband med etableringa av kraftverket nedst i Spjelkavikelva, og hadde som føremål å leie vatnet frå vassdraget inn på kanalen til kraftverket. Demningen har seinare blitt oppgradert, men først i 1996 vart det etablert fisketrapp her. Kraftverket vart nedlagt på 1960-talet.

Vassdraget deler seg nedanfor demningen ved utløpet av Litlevatnet. Den gamle kraftverkskanalen fortset ca. 510 m mot sørvest før den går under E39/Fv.111. Deretter er det ca. 150 m kanal i dagen, før den går over i røyr i dagen, den siste strekninga ned mot den gamle kraftstasjonen.

Det «naturlege» elvelaupet går vidare i dagen ca. 75 meter ned forbi demningen ved utløpet av Litlevatnet, før elva går gjennom ein kulvert på ca. 85 m (forbi og til dels under butikk og parkeringsplass). Vidare nedover mot sjøen renn Spjelkavikelva gjennom eit parkområde, stadvis med nærings- og bustadareal tett innpå.

Bakgrunn for saka

Brødr. Sunde AS har sidan tidleg på 1960-talet hatt liggjande ein vassleidning frå Brusdalsvatnet til fabrikkannlegget i Spjelkavikbukta. Kring 1985 vart det lagt ny vassleidning med utvendig diameter Ø63 mm. Brødr. Sunde har i avtale med Ålesund kommune av 19.01.2006 lov til å ta ut 500 m³ vatn per døgn. Den gamle 63 mm leidningen er no blitt skifta ut med PE-røyr med diameter Ø110 mm. Den nye leidningen ligg ope på elvebotn og er forankra med betonglodd. Førebels er trykkslangen nedanfor pumpehuset skifta ut. Nedanfor Litlevatnet ligg trykkslangen i den gamle vasskanalen, frå kanalen og ned ligg røyra nedgrave.

NVE mottok melding frå Brødrene Sunde AS 18.05.2012 om arbeid med vedlikehald på vassleidning i Spjelkavikelva og utskifting til 110 mm leidning. Det aktuelle arbeidet var gjennomført då NVE mottok meldinga, slik at det vart orientert/søkt om tiltaket i etterkant. Den 02.10.2012 fatta NVE følgjande vedtak: *«Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000, vedtek NVE at plassering av 110 mm vassleidning på elvebotnen mellom Brusdalsvatnet og Litlevatnet treng konsesjon etter vassressurslova § 8».*

NVE sitt vedtak vart påklaga av Brødrene Sunde AS, og saka vart endeleg avgjort i Olje og energidepartementet sitt vedtak datert 26.11.2013: *«Klagen frå Brødrene Sunde AS på NVE sitt vedtak av 02.10.2012 om konsesjonsplikt for legging av vassleidning i Spjelkavikelva tas ikkje til fylgje».*

I NVE sitt vedtak datert 02.10.2012 om at tiltaket trong konsesjon etter vassressurslova § 8, vart det orientert om at dersom vassleidningen mellom Brusdalsvatnet og Litlevatnet vart lagt i grøft på land så ville konfliktnivået i høve til allmenne interesser bli monaleg redusert. NVE konkluderte med at tiltaket då ikkje ville påverke elvestrengen og at det då ikkje var naudsynt med ei nærare vurdering etter vassressurslova. Det vart orientert om at ein søknad om å legge leidningen i grøft på land kunne handsamast etter plan- og bygningslova.

I vedtaket frå 02.10.2012 vart det ikkje sett noko frist for å fremje konsesjonssøknad eller frist for vidare tilbakemeldingar til NVE. Då NVE ikkje fekk tilsendt nokon søknad om konsesjon, eller informasjon om nærare framdrift i saka, sende NVE ved tilsyns- og beredskapsavdelinga eit brev til Brødrene Sunde AS datert 08.09.2014 med varsel om at vassleidningen i Spjelkavikelva var lovstridig og varsel om at dette måtte rettast opp. NVE bad samstundes om at det vart sendt inn eit forslag om korleis det lovstridige forholdet skulle bringast i lovleg orden igjen. Brødrene Sunde AS gav i brev av 23.09.2014 tilbakemelding om at dei ville søke om konsesjon for tiltaket.

Produksjon av EPS skjer i ein såkalla suspensjonspolymeriseringsprosess. I denne fasen skal styrendrøpar i vatn polymeriserast og bli til harde perler. Kommunalt vatn som er tilsett klor, marmorbehandla eller behandla på anna måte kan ikkje nyttast, då suspensjonen ikkje blir stabil. Brødr. Sunde AS er derfor avhengige av å kunne fortsette å nytte råvatn frå Brusdalsvatnet til produksjon av EPS. Av omsyn til kostnader ynskjer Brødr. Sunde AS å fortsette å la vassleidningen ligge i Brusdalselva, framfor å legge den på land.

Teknisk plan

Brødrene Sunde AS søker om løyve til å la eksisterande vassleidning (PE 110 mm) bli liggande der den ligg i Brusdalselva, dvs. frå pumpehuset og ned til Litlevatnet (515 m). På strekninga mellom Brusdalsvatnet og pumpehuset (85 m) vil den nye vassleidningen bli lagt i grøft (eksisterande vassleidning i elva vert fjerna).

Ein nedgraven vassleidningen på land på strekninga mellom pumpehuset og Litlevatnet (515 m) har vore vurdert, men er ikkje søkt om på grunn av høge kostnader. Det er i søknaden omtalt to alternativ for nedgraven vassleidning på land, eit alternativ langs nordsida av elva og eit alternativ på sørsida. Alternativ nord går langsetter den kommunale råvassleidningen som vart lagt i 2007.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Storparten av areala langsetter Brusdalselva og Spjelkavikelva er avsett som friareal i kommuneplan gjeldande for 2008-2020.

Verneområde

Tiltaket påvirker ikke verna område, men store delar av vassdraget med vassdragsnære areala nedanfor Litlevatnet har status som statleg sikra friluftsområde.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området i samband med vurdering av konsesjonsplikt den 06.06.2012 saman med representantar for tiltakshavar og kommunen. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

NVE har i tillegg til uttalane til konsesjonssøknaden tatt med uttalane frå 2012 for Ålesund kommune og Ålesund Jeger og Sportsfiskeforening. Uttalane frå Ålesund kommune og Ålesund Jeger og Sportsfiskeforening er relevante i saka og gir informasjon om verknader av tiltaket med tanke på viktige brukargrupper. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Ålesund kommune har ikkje kome med uttale til konsesjonssøknaden, men har gitt følgjande uttalar ved vurdering av konsesjonsplikt i 2012:

Ålesund kommune, avdeling for Natur og miljø, har gitt følgjande uttale datert 03.07.2012:

"Som kjent har Brødr. Sunde AS i mange år hatt liggende en vannslange åpent i deler av Spjelkavikelva. I 2006 var NVE på befaring i området (jfr. skriv av 6. september 2006) og det ble påpekt at dette var "en lite heldig løsning". Et utsagn som i vår tid - med økende friluftsliv - er blitt forsterket.

Spjelkavika er et tett befolket område og området ved Spjelkavikelva blir benyttet til rekreasjon av en stor del av befolkningen. Kommunen har ved flere anledninger fått henvendelser fra brukere av området om at slangen bør graves ned, da den er en estetisk forurensning.

Det er også betydelige fiskeinteresser knyttet til vassdraget, spesielt gjelder dette sjørret som går opp i Brusdalsvannet for å gyte (se vedl.).

Kostnadene ved å grave ned slangen vil - sammenliknet med de store friluftinteressene som er i området - være minimale, og godt håndterlige for en bedrift av Brødr. Sundes størrelse og kapasitet."

Ålesund kommune, avdeling for Vann avløp og renovasjon (VAR), har gitt følgjande uttale datert 27.07.2012:

"Ålesund vannverk har benyttet nedslagsfeltet til Brusdalsvatnet for drikkevannsformål i over hundre år. Først tok kommunen vann fra Langevatnet, som er en del av nedslagsfeltet. Utbyggingen av Langevatnet krevde at kommunen kjøpte Vasstrand gard, noe som gjorde kommunen til en av de største grunneierne i nedslagsfeltet. Vannet fra Langevatnet ble ført direkte til byen fra ca. 1903. Noen tiår senere startet man pumping av vann via den gamle pumpestasjonen med sugeledning direkte fra Brusdalsvatnet. Brusdalsskjønnet (overskjønnet) kom 14. november 1972 med konsesjon til uttak av inntil 55000 m³ råvann pr. døgn. Denne

rettigheten ble ikke skikkelig utnyttet før det nye vannbehandlingsanlegget sto ferdig i 1980. Døgnforbruket har i lang tid ligget på knapt 30 000 m³.

I en avtale fra 2006 gir Ålesund kommune Br. Sunde AS rett til uttak av 500 m³/døgn. Dette er en fornyelse av og en utvidelse av avtalen mellom de to partene fra 1993. Når de har rett til å ta ut 500 m³/døgn så tas dette vannet fra kommunens konsesjon. Br. Sunde AS henter ca. 55-60 000 m³/år gjennom denne slangen.

Så bør det også nevnes at firmaet har rett til uttak av kjølevann direkte fra kanalen, men det er altså til et annet formål og har ingen direkte sammenheng med det vannet som de tar fra Brusdalsvatnet. Hvilke mengde det her er snakk om er noe uklart, men det er nok vesentlig mer enn prosessvatnet fra Brusdalsvatnet.

Br. Sunde AS har tidligere signalisert ønske om å oppdimensjonere slangen som fører vann direkte fra Brusdalsvatnet og ned til anlegget ved sjøen. I 2003 var det snakk om å legge en ny, oppdimensjonert ledning på land, og da i tilknytning til kommunens prosjekt med ny hovedvannledning. Prisen den gang ble for høy for Br. Sunde AS, og prosjektet ble lagt på is. Br. Sunde AS har nå lagt en ny, oppdimensjonert (110 mm) slange i elva fram til pumpehuset mellom Lillevatnet og Brusdalsvatnet. Dimensjon på den gamle var 63 mm. De har videre antydnet at de også ønsker å oppdimensjonere, samt forlenge, den slangen som ligger fra pumpehuset og inn i Brusdalsvatnet. Her er det nevnt 160 mm eller 200 mm (ytre) diameter.

For vannforsyningen sin del vil Br. Sunde AS sine planer bare ha marginale, negative effekter så lenge de avtalemessige forhold blir iaktatt. Med dette menes at evt. forlengelse av ledningen inn i Brusdalsvatnet ikke må komme i konflikt med våre eksisterende ledninger der. Videre så må det utvises stor forsiktighet der ledningen krysser Dam Brusdalsvatn. Så kan det stilles spørsmål ved om en 110 mm slange kan være til problem for flomavledning i vassdraget (inkludert kanalen), og om dette er et argument for å legge slangen på land. Denne vurderingen ønsker vi at NVE vurderer.

Ålesund kommune (VAR-virksomheten) er engasjert i et samarbeidsprosjekt med bl.a. grunneierlaget der det tas sikte på å undersøke hvilke effekter regulering av vassdraget har på livet i elva. Her har vi engasjert universitetet i Oslo, v/Åge Brabrand til å lage en rapport.

Br. Sunde AS sin slange er et av flere tema i den utredningen. Uttalelser fra Brabrand vil foreligge i løpet av august og bør tas med i vurderingen av søknaden fr Br. Sunde AS."

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gitt følgende uttale datert 02.06.2015:

Denne saka har lang historikk. Førre gong det var søknad frå Brødr. Sunde AS om å la vassleiing ligge lett synleg i elva mellom Brusdalsvatnet og Lillevatnet var 18.06.2012.

Vår uttale til søknaden den gong i brev 19.06. inneheldt m.a. følgjande:

«Det er ikkje å leggje skjul på at aktuelle sak har skapt negative reaksjonar over mange år. Det har vore lite forståing frå ålmenta at ei vassleidning kan ligge lett synleg i elva i det naturskjønne området frå Brusdalsvatnet mot Lillevatnet. Spjelkavikvassdraget er det viktigaste anadrome vassdraget i Ålesund kommune med rikt biologisk mangfald og laks og sjøaure som karakterarter. Forvaltninga ved Fylkesmannen, Direktoratet for naturforvaltning, Universitetet i Oslo og lokale organisasjonar har investert mykje i å etablere ei berekraftig forvaltning av dei

naturgjevne ressursane i området. Dette grønne naturområde nær urbaniserte område tilbyr eit rikt friluftsliv for mange i ordets breie forstand.»

Vidare finn vi grunn til å trekkje fram frå vår fråsegn:

«Vi er til fulle samde med NVE si tilråding og stør framlegget om nedgraving av vassleidninga på land. I ei tid med auka fokus på forvaltning av anadrome vassdrag, biologiske mangfald og rikt friluftsliv nær befolkningstette område, kan det ikkje vere ei berekraftig løysing framleis å ha leidninga i elva.»

Vår vurdering

Vi har ikkje endra syn i saka. Vi viser til vår tidlegare uttale og vil igjen frårå at aktuelle vassleining skal ligge lett synleg i elva mellom Brusdalsvatnet og Lillevatnet.»

Møre og Romsdal fylkeskommune har gitt følgjande uttale datert 12.06.2015:

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Vi viser til fråsegn gitt i same sak 04.07.12. Denne vart oversendt til oss frå NVE i epost, NVE-ref: 201203501. Vi hadde då ikkje merknader. Når saka no kjem til høyring som konsesjonssak vil vi supplere med fagmerknader nedanfor:

Automatisk freda kulturminne

Saken er oversendt Bergen Sjøfartsmuseum som rette vedkomande når det gjeld kulturminne i vatn. Museet har ikkje merknader utover at dei viser til meldeplikta etter kulturminnelova § 8 dersom det vert gjort funn.

Kulturminne frå nyare tid

Kap. 4.6 i søknaden gir ikkje eit rett bilde av situasjonen langs tiltaket når det gjeld kulturminne frå nyare tid. Kapittelet nemner registreringar av nokre kulturminne nær inntil vassdraget på strekninga frå Lillevatnet ned til sjøen og kartfestar SEFRAK-registrerte objekt. Men kanalen er i seg sjølv eit teknisk-industrielt kulturminne av høg verdi. Kraft-stasjonen i Spjelkavik er mellom dei objekta i Ålesund som er foreslått i ny regionale delplanen for kulturminne av nasjonal og regional verdi. Kanalen, rørgata og kraftstasjonsbygningen er regulert for bevaring som eit heilt anlegg. Tiltakshavar må vere merksam på desse verneverdiane.»

Brusdalsvassdragets grunneierlag har komme med uttalar den 12.05.2015 og 20.08.2015 der dei skriv følgjande:

12.05.2015:

«Brusdalsvassdragets grunneigarlag viser til tidligere uttalelse vedrørende denne slangen og går inn for at den fjernes frå vassdraget.

Etter det vi har fått opplyst er det ingen som har fått gravetillatelse eller annen tillatelse til å arbeide i vassdraget og håper at slik tillatelse heller ikkje blir gitt.»20.08.2015:

«Grunneierlaget ser at det er lagt en ny slange fra Brusdalsvatnet og nedover elva, dette er uheldig for vassdraget i sin heilhet.

Ved flomstor elv går slangen sidelengs i elva og ødelegger gytegroper og knuser elvemuslinger, den har beveget seg så mye at den har blitt liggende på land.

*Det foreligger ingen tillatelse fra grunneierlaget til å foreta dette inngrepet og vi ber om at denne slangen blir fjernet snarest.»***Ålesund Jeger og Sportsfiskerforening (ÅJSF)** har ikke komme med uttale til konsesjonssøknaden, men har gitt uttale ved vurdering av konsesjonsplikt i 2012. ÅJSF har uttalt følgende 09.07.2012:

«ÅJSF engasjerer seg i levevilkåra for fisken i Spjelkavikelva, og har blant annet gjennomført opprydding av søppel i elva.

Som et framtidig tiltak for å betre på gytemulighetene til laks og sjørøret og oppvekstforholda til småfisken, ser foreninga for seg, i samarbeid med fylkesmannen og andre faglige instanser, muligheten for fysiske endringer i elva i form av steinlegging for å få de rette strømforholda og kulper for fisken.

Dette er allerede vanskelig å gjennomføre med den vannledninga som ligger der. ÅJSF mener at den nye vannledninga, som blir stivere og forankret langs elvebunnen, vil gjøre dette enda vanskeligere, om ikke umulig å gjennomføre som et framtidig kultiveringstiltak

*Det å øke dimensjonen på vannledninga, samt at den skal forankres til elvebunnen med betonglodd, vil gjøre installasjonen mye mer synlig enn hva den er i dag. Sammen med den lave vannføringen som ofte er i elva, vil den visuelle forurensningen bli merkbart større.»***Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane**

Søkjar har i brev av 15.09.2015 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

«Kommentarer til høyringsuttalelser om Konsesjonssøknad for vannledning i Brusdalselva.

Vi viser til Deres epost av 26. august 2015 der NVE ber om tilbakemelding/kommentarer til høyringsuttalelser i forbindelse med at Brødr. Sunde har søkt konsesjon for eksisterende vannledning i Brusdalselva.

NVE oversender syv høyringsuttalelser hvorav fire er kommet inn rettidig som svar på høring av konsesjonssøknaden. En høyringsuttalelse er innkommet mer enn to måneder etter at høyringsfristen var utløpt. NVE inkluderer også tre dokumenter fra 2012 da man drøftet om bedriften hadde plikt til å søke konsesjon for oppgradering av vannslangen som var foretatt. Dette gjelder dokument merket nr. 1, 2 og 7. Disse dokumentene legger ikke konsesjonssøknadens saksinnhold til grunn for sine vurderinger.

Videre mener Brødr. Sunde det må begrunnes om det er riktig å ta med høyringsuttalelser som er kommet inn etter at høyringsfristen er utløpt.

Tilbakemelding fra Brødr. Sunde:

1) Ålesund kommune, avdeling for Natur og miljø 03072012.

I uttalelsen fra 2012 skriver miljøvernrådgiver i Ålesund kommune om vannslange i Spjelkavikelva og at kostnadene med nedgraving er minimale.

Kommentar:

Brødr. Sunde har ingen vannslange i Spjelkavikelva (elven fra nedre del av Lillevannet til sjøen). Brødr. Sunde søker konsesjon for en vannslange i Brusdalselva (elven fra fremste del av Lillevannet til Brusdalsvannet). Brødr. Sunde er opptatt av å minimere virksomhetens

påvirkning på miljøet, og er derfor i ferd med å investere i et nytt renseanlegg for VOC til 7 mill. kr. Dette er, i motsetning til å flytte vannledningen mellom pumpehuset og Lillevatnet på land, et tiltak som vi mener vil gi en betydelig positiv miljøeffekt. Vi mener også at Multiconsult og UiOs konklusjoner i konsesjonssøknaden bekrefter at nedgraving av vannledningen på land ikke er et kostnadseffektivt miljøtiltak, slik Ålesund kommune hevder.

2) Ålesund kommune, avdeling for Vann avløp og renovasjon.

I sitt skriv fra 2013 gir Ålesund en historisk oversikt over vannforsyningen fra Brusdalsvannet og ber om at rapport fra Universitetet i Oslo v; Åge Brabandt blir tatt med i vurderingsgrunnlaget.

Kommentar:

Rapporten fra Universitetet i Oslo v/Åge Brabandt er en del av det bakgrunns materialet som konsesjonssøknaden bygger på (se referanser side 35 i konsesjonssøknaden). Åge Brabrand har i tillegg vært ansvarlig for utredningen på fisk/ferskvannsøkologi i søknaden, så dette ønsket er fullt ut ivaretatt.

3) Fylkesmannen i Møre og Romsdal 02062015.

I høringsuttalelse fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjenbrukes deler av et skriv fra juni 2012 der fylkesmannen omtaler vannledningen med uttrykk som «ligger lett synlig» i elva og at det «kan (det) ikke være ei bærekraftig løsning framleis å ha leidninga i elva».

Kommentar:

Vassdraget er sterkt berørt av tyngre tekniske inngrep, stedvis i elveleiet (dammer, kulvert, broer og stedvis nært inn til elva (industri-, nærings- og boligområder, trimapparater samt veier mm.). Langs Brusdalselva er det tett kantvegetasjon og for de som ferdes på de tilrettelagte stiene langs Brusdalsvassdraget er Brødr. Sundes vannledning kun synlig ved krysningspunktet (gangbroa) overfor Lillevannet. Vi antar Fylkesmannen i sin refererte uttalelse (fra 2012) beskriver forholdene i Lillevannet. Lillevannet er ikke en del av området Sunde er pålagt å søke konsesjon for og Fylkesmannens brev fra 2012 faller således utenfor rammen av nærværende sak.

Ved middels til høy vannføring i Brusdalselva vil den landskapsmessige påvirkningen av vannledningen være ubetydelig. Ved lav vannføring i Brusdalselva vurderes vannledningen å ha liten negativ konsekvens for landskapet langs vassdraget. Som det er påpekt i konsesjonssøknaden er det viktig av hensyn til de økologiske forholdene å sikre en minstevannføring i Brusdalselva. En tilstrekkelig minstevannføring, uten periodevis tørrelgging av Brusdalselva, vil ha betydelig større positiv virkning for de biologiske og økologiske forholdene i vassdraget enn flytting av vannledningen (jf. konklusjonene til Multiconsult og UiO).

4) Møre og Romsdal fylkeskommune 12062015.

I sitt hørings svar påpeker Møre og Romsdals fylkeskommune mellom annet at «kanalen i seg sjølv er et teknisk industrielt kulturminne av høy verdi som tiltakshaver må være oppmerksom på».

Kommentar:

Sunde søker konsesjon for vasslange i Brusdalselva og kanalen som omtales av Fylkeskommunen ligger utenfor det aktuelle området. Det er ingen kjente kulturminner langs Brusdalselva.

5) Brusdalsvassdragets grunneierlag 12052015

I sin uttale skriver grunneierlaget: «Etter det vi har fått opplyst er det ingen som har fått gravetillatelse eller annen tillatelse til å arbeide i vassdraget og håper på at slik tillatelse heller ikke blir gitt».

Kommentar.

Brødr. Sunde har hatt vannslange i Brusdalselva fra 1960 tallet (1 toms) for å hente prosessvann til sin produksjon av ekspanderbar polystyren. I 1985 ble den oppgradert til PE 63 mm og i 2012 ble den videre oppgradert til PE 110 mm. Det har ikke vært behov for å utføre gravearbeid i forbindelse med den oppgraderingen som ble gjort i 2012.

Oppgraderingen ble gjort svært skånsomt ved manuelt arbeid og det meste av arbeidet ble gjort fra båt. En vurderer det slik at det ikke vil være behov for vedlikeholdsarbeid på ledningen i fremtiden forutsatt at det ikke skjer ekstraordinære hendelser.

6) Brusdalsvassdragets grunneierlag 20082015

Uttalelsen er innkommet mer enn 2 måneder etter at høringsfristen gikk ut 12. juni 2015.

I sin uttale fremsetter Brusdalsvannets grunneierlag påstand om at «slangen beveger seg sidelengs og knuser elvemuslinger, den har beveget seg så mye at den har blitt liggende på land».

Kommentar.

Slangen det søkes konsesjon for ble lagt ut i 2012 og det ble i sommer 2015 gjennomført en befaring som viser at slangen ikke har beveget/flyttet på seg. Påstanden fra grunneierlaget er derfor både uriktig og uten rot i virkeligheten.»

NVE si vurdering

Hydrologi

Brusdalsvatnet er hovudkjelde til den kommunale vassforsyninga i Ålesund. I følge Ålesund kommune vert det i snitt tatt ut ca. 55 000 m³ råvatn per døgn, noko som utgjer ca. 640 l/s. Brødrene Sunde sitt uttak av prosessvatn skjer innanfor den konsesjonen som Ålesund kommune har. Brødrene Sunde har ein privatrettsleg avtale med Ålesund kommune om uttak av inntil 500 m³/døgn, og sjølv uttaket av vatn er ikkje ein del av vurderinga ved konsesjonshandsaming av vassleidningen.

Ved utløpet av Brusdalsvatnet er det bygd ein betongdam med luke for slepp av vatn og fiskepassasje. Brusdalsvatnet er regulert 1,35 meter, mellom kote 25,96 (HRV) og 24,61 (LRV). I konsesjonen er det ingen vilkår om minstevassføring ut frå Brusdalsvatnet. Sidan uttaket i tørre periodar er monaleg større enn tilsiget, fører dette til at vasstanden i Brusdalsvatnet gradvis vert senka ned mot LRV. Sidan restvassføringa i Brusdalselva er avhengig av vasstanden i Brusdalsvatnet, vil denne bli redusert etter kvart som vasstanden går ned. Ved svært låg vasstand i Brusdalsvatnet vert Brusdalselva og Spjelkavikelva nærast tørrlagt, noko som skjer med jamne mellomrom, med dei konsekvensar det har for det akvatiske økosystemet i elva.

Brødrene Sunde AS skriv i søknaden at dei klart viktigaste tiltaka for vassdragsmiljøet i Brusdalselva, Litlevatnet og Spjelkavikelva er å sikre ei tilstrekkeleg minstevassføring ut av Brusdalsvatnet og i tillegg opprydding av eksisterande ureiningskjelder langs vassdraget. NVE er samd med Brødrene Sunde at dei nemnde tiltaka er svært viktig for vassdragsmiljøet i Brusdalsvassdraget. NVE har fått fleire bekymringsmeldingar om tidvis svært låg vassføring nedstraums Brusdalsvatnet og vil sjå nærare på om det er aktuelt å kalle Ålesund kommune sitt vassuttak inn til ny konsesjonshandsaming. Ved ei ny konsesjonshandsaming er det moglegheit å fastsette nærare krav til minstevassføring. Låg vassføring i Brusdalselva på grunn av manglande krav til minstevassføring er etter NVE si vurdering med på å forsterke dei negative konsekvensane med ein open vassleidning i elva.

Naturmangfald

I samband med konsesjonssøknaden har Multiconsult AS utarbeidd rapport over biologisk mangfald og vurdering av konsekvensar ved tiltaket. Åge Brabrand ved Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo, har vurdert akvatisk flora og fauna. Kjetil Mork frå Multiconsult AS har vurdert andre tema.

Terrestrisk miljø

Innanfor tiltaks- og influensområde for vassleidningen i Brusdalselva er det ikkje registrert verdifulle naturtypar (jf. definisjonane i DN-handbok 13). Vestleg del av Litlevatnet, som ligg like utanfor tiltaksområdet, er registrert i Naturbasen som naturtypen «Rik kulturlandskapssjø» med verdi lokalt viktig (C-verdi). I Naturbasen er området frå Brusdalsvatnet til sjøen, lokalitet «Spjelkavikvassdraget», registrert som eit viktig beite- og rasteområde for andefugl, rasteområde for vassrikse (VU) og yngleområde for dvergdukkar (VU). Truleg hekkar ikkje dvergdukkar i Litlevatnet lenger, men nyttar området til næringssøk om vinteren.

Følgande raudlista fuglar som er knytt til vassdraget er registrert: vassrikse (VU), dvergdukkar (VU), fiskemåke (NT), sivhøne (VU) og snadderand (NT). Fossekall hekkar truleg langs vassdraget. Desse artane vert ikkje nemneverdig påverka av tiltaket.

Multiconsult vurderer at vassleidningen vil ha ubetydelege konsekvensar for terrestrisk miljø. NVE er samd i denne vurderinga.

Akvatisk miljø

Fisk

Laboratorium for ferskvannsökologi og inlandsfiske (LFI) ved Universitetet i Oslo har gjort fiskefaglege undersøkingar i vassdraget i 1998, 2000 og 2012. Konklusjonen frå rapportane er at Spjelkavikelva og Brusdalselva har høg produksjon av aure, både vandrande sjøaure og aure som har heile sitt liv i ferskvatn. Det er noko laks i elva. I rapporten frå 2000 vert det trekt fram at produksjonen av stasjonær aure og sjøaure er høg fordi det er gode gyteområde og oppvekstområde ovanfor og nedanfor Litlevatnet. Dei største samanhengande gyteområda ligg mellom Brusdalsvatnet og Litlevatnet. I rapporten frå 2000 står det også følgjande i samandraget: *«Brusdalselva og Spjelkavikelva med brakkvannsområdet bør sikres en sentral plass i den kommunale forvaltning. Spesielt må elva og nærområdene inn mot elvestrengen sikres mot tilfeldige inngrep. Elva har et meget stort potensiale som en høyproduktiv sjøørretelv»*. I fiskerapporten frå Universitetet i Oslo står det også følgjande: *«Mens det i Brusdalsvatnet er restriksjoner pga. drikkevannsformål, er Brusdalselva med Litlevatnet og Spjelkavikelva en strekning med et stort potensiale for fiske etter sjøørret for allmennheten»*. <http://www.nhm.uio.no/forskning/publikasjoner/lfi-rapporter/205.pdf>.

Fylkesmannen opplyser at Spjelkavikelva er det viktigaste anadrome vassdraget i Ålesund kommune. Frå lokalt hald og frå det offentlege er det lagt ned eit monaleg arbeide for å legge til rette for fritidsfiske, mellom anna med fisketrapp ved Litlevatnet og ved utløp av Brusdalsvatnet. I søknaden vert det opplyst at det vert utøvd fiske langs vassdraget og at det vert selt fiskekort på strekninga frå sjøen opp til Brusdalsvatnet. Dei siste åra er det selt anslagsvis 400 dagskort/år. Det vert samtidig opplyst at i følgje lokalkjente gir ikkje talet selte fiskekort eit representativt bilete av fritidsfisket i elva, då ein del fiskar i elva utan å kjøpe fiskekort. Elva har ein betydeleg produksjon av sjøauresmolt som vidare har betyding for det lokale fiske etter sjøaure i sjøen.

Ålesund Jeger- og Sportsfiskeforening meiner at den nye vassleidningen gjer til at det vert vanskelegare å gjennomføre kultiveringstiltak i elva. Dei meiner også at auka dimensjon på vassleidningen, samt forankring til elvebotnen med betonglodd, gjer installasjonen meir synleg. Saman med låg vassføring, som ofte er i elva, vil den visuelle ureininga bli merkbar større.

Olje- og energidepartementet ga i 2007 ut «Retningslinjer for små vannkraftverk» i samråd med Klima- og miljødepartementet (då Miljøverndepartementet). Retningslinene vert nytta av NVE i konsesjonshandsaming av vasskraftverk. Dei same tema og verdivurderingane som ligg til grunn for retningslinene for små kraftverk er sentrale ved andre typar inngrep i vassdrag. NVE legg difor retningslinene også til grunn ved konsesjonshandsaming av andre typar inngrep i vassdrag. I Olje- og energidepartementet sine retningsliner for små vasskraftverk er «vassdrag med anadrom fisk og store fiskeinteresser» satt opp med forslag til verdivurdering «stor verdi» basert på DN-Håndbok 15. Under tema fisk og fiske står det vidare for vurdering av einskildsaker:

«I vassdrag som ikke er nasjonale laksevassdrag, men som har bestander av sjøvandrende fisk eller registrerte storaurestammer vil det være viktig å legge vekt på tilpasninger/avbøtende tiltak. Dette gjelder også lokaliteter med stor verdi for utøvelse av fiske eller vassdragslokaliteter som er prioritert av kommunen i henhold til DN-Håndbok 15».

Spjelkavikvassdraget er eit anadromt vassdrag med store fiskeinteresser og NVE vurderer at elva har stor verdi som sjøaurevassdrag. NVE vurderer at vassleidningen slik den ligg i dag er til hinder og ulempe ved utøving av fiske på strekninga. Sjølve vassleidningen legg og beslag på noko areal på dei antatt beste gyteområda i elva. Leidningen vil og kunne vere til hinder for fisk under gyteperioden. NVE vurderer at forutan å fjerne vassleidningen frå elvebotnen er det ingen gode avbøtande tiltak for å avhjelpe skadeverknaden. NVE legg vekt på dette i vår vurdering av konsesjonsspørsmålet.

At fiske etter sjøaure er ei viktig brukarinteresse gjer til at konsekvensen også må sjåast i samanheng med temaet friluftsliv. Sjå NVE si vurdering av dette temaet.

Andre viktige artar som er knytt til det akvatiske miljøet på strekninga er ål og elvemusling. Begge artane er ført opp i Norsk Raudliste 2015 med kategori som sårbar (VU). NVE vurderer at ål i liten grad vert påverka av tiltaket.

Elvemusling

Kjell Sandaas (Naturfaglige konsulenttjenester) og Jørn Enerud (Fisk- og miljøundersøkelser) har på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjort ei kartlegging av elvemusling i Brusdalselva i 2013: «Elvemuslingen i Brusdalselva. Ålesund kommune, Møre og Romsdal 2013»

http://gint.no/fmmt/elvemusling/kilder/ID_495.pdf.

I rapporten er det nytta ein metode for å vurdere den faglege verneverdien knytt til ein bestand av elvemusling, metoden er utvikla av Eriksson m. fl. (1998). Med utgangspunkt i ein samla poengsum vert elvemuslingpopulasjonen inndelt i 3 klassar etter fagleg verneverdi. Klassifiseringa bygger på eit sett med 6 kriterier som kvar har ein poengskala frå 1-6. Samla poengsum plasserer bestanden til ein av tre klassar; Klasse 1 Verneverdig 1-7 poeng, Klasse 2 Meget verneverdig 8-17 poeng, Klasse 3 Svært verneverdig 18-36 poeng. Brusdalselva endar i klasse 2, meget verneverdig, med totalt 16 poeng. Bestanden vert omtalt slik: «Bestanden er liten og lokaliteten er en liten sårbar elv i et urbant område. Prosentandel små muslinger viser imidlertid at populasjonen trolig er inne i vekstfase og er i positiv utvikling».

Det vert vist til at det finst ein varierende og tynn bestand av elvemusling nedover heile elvestrekninga, men at bestanden klart er tettast mellom Litlevatnet og Brusdalsvatnet. Under oppsummering og anbefalingar står det følgjande: «Vannprøver ble ikke tatt. Men vurdert utfra forholdene og funn, er vannkvalitet og substrat i øvre del gode nok til at elvemuslinger kan vokse opp. Imidlertid renner elva gjennom et landskap sterkt preget av urban arealbruk. Elva må få mer oppmerksomhet og skånes mot ytterligere inngrep». Vassleidningen er i liten grad omtalt i rapporten men vert trekt fram under fysiske inngrep knytt til elva, der det står følgjande: «Den øvre delen av elva har åpenbart også vært utsatt for store fysiske inngrep med kanalisering og plassering av en vannledning i elveløpet».

I Raudlista for artar 2015 er bestanden av elvemusling i Noreg vurdert til å vere sårbar (VU). Globalt er den vurdert til sterkt truga (EN). Noreg har i dag godt over halvparten av den Europeiske bestanden av elvemusling. Vi har difor eit spesielt ansvar for å ta vare på arten. I Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for små vasskraftverk (2007) er viktige område for artar i kategorien «sårbar» sett opp med forslag til verdivurdering «stor verdi». Under tema biologisk mangfald står det vidare for vurdering av einskildsaker: «Tiltak som kommer i konflikt med biologisk mangfold av stor og middels verdi forøvrig må påregne pålegg om avbøtende tiltak som reduserer konflikten, eks. i form av krav om minstevannføring og/eller andre miljøtilpasninger av prosjektene».

Brusdalsvassdragets grunneierlag skriv i sin høyringsuttale at ved flaumstor elv går slangen sidelengs i elva og øydelegg gytegrøper og knuser elvemuslingar. Dei skriv også at slangen har flytta seg så mykje at den har blitt liggande på land. Brødr. Sunde meiner at desse opplysningane ikkje stemmer. Dei er av den oppfatning at vassleidningen er godt forankra og at den ikkje beveger seg i slik grad at det kan medføre skade på gyte-/oppvekstområder for anadrom fisk eller elvemusling. NVE vurderer at leidningen truleg ikkje er til større ulempe for bestanden av elvemusling, så lenge den ligg i ro. Dersom leidningen derimot ikkje ligg i ro, vil det kunne knuse elvemusling som ligg i nærleiken til

vassleidningen samt øydelegge gyteområde for fisk. Å stabilisere vassleidningen med fleire betonglodd synast som ei dårleg løysing då det gir enno større inngrep i elva.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om vassleidning i Brusdalselva legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar, samt NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 24.11.2015. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknader på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til tiltaket fins det følgjande raudlista artar knytt til vassdraget: ål (VU), elvemusling (VU), vassrikse (VU), dvergdukkar (VU), fiskemåke (NT), sivhøne (VU) og snadderand (NT). Vassdraget har ein god bestand av sjøaure. Tiltaket vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4. Tiltaket kan etter NVE si vurdering komme i konflikt med forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5. Området frå Brusdalsvatnet til sjøen er registrert som eit viktig beite- og rasteområde for andefugl, rasteområde for vassrikse og yngleområde for dvergdukkar. Fossefall hekkar også truleg langs vassdraget. Dei nemnde fugleartane vert truleg i liten grad påverka av tiltaket. Ål vert heller truleg ikkje påverka av tiltaket. NVE vurderer at vassleidningen legg beslag på noko areal på dei antatt beste gyteområda i elva, og vil kunne vere til hinder for fisk under gyteperioden. NVE vurderer at leidningen truleg ikkje er til større ulempe for bestanden av elvemusling, så lenge den ligg i ro. Dersom leidningen derimot ikkje ligg i ro, vil den kunne knuse elvemusling som ligg i nærleiken til vassleidningen samt øydelegge gyteområde for fisk. Det er utanom å fjerne vassleidningen frå elva få avbøtande tiltak å sette inn, og eit avslag på søknaden vil etter NVE si meining best ivareta artane og deira økologiske funksjonsområde, jf. § 5.

NVE har også sett påverknaden frå vassleidningen til Brødrene Sunde i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Nedre del av vassdraget med Brusdalselva og Spjelkavikelva er eit bynært vassdrag med ei rad inngrep og påverknader. Sjølv om ein open vassleidningen er uheldig for naturmangfaldet er summen av andre inngrep av større betydning, som tidvis svært låg vassføring og nedbygging/lukking av elva. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å være så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tilleggas særleg vekt.

NVE vurderer at alternativ/teknisk løysing med å leggje vassleidningen open på elvebotn er i strid med § 12 (miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar) i naturmangfaldlova. Paragrafen gjeld val av driftsmetodar, teknikk eller lokalisering "for å unngå eller begrense skader" på naturmangfaldet. NVE ser i si vurdering på moglege tiltak for å unngå eller avgrense negative konsekvensar for

naturmangfaldet ved eit tiltak. Ved å flytte røyrleidningen ut av elva og grave den ned, vil ein i vesentleg grad redusere konfliktnivået knytt til biologisk mangfald. **Landskap og brukarinteresser**

Spjelkavikelva renn frå Brusdalsvatnet og munnar ut i Borgundfjorden ved Spjelkavika, om lag ei mil frå Ålesund by. Elva renn gjennom tett busetnad og det ligg eit tjern, Litlevatnet, på strekninga. Det bur mykje folk i nærleiken til vassdraget og elva og Litlevatnet er viktige landskapselement i eit tettbygd område. Ålesund kommune opplyser at området langs Spjelkavikelva og Litlevatnet er eit mykje nytta turområde. Det er mellom anna etablert ei turløype/helseløype rundt Litlevatnet i eit samarbeidsprosjekt mellom Ålesund kommune og Friluftsrådet for Ålesund og omegn. I tillegg til helseløypa rundt Litlevatnet er det samanhengande sti- og vegnett som i stor grad følgjer elva frå Brusdalsvatnet til sjøen. I Naturbase er Spjelkavikelva og ei sone langsetter elva frå Litlevatnet og ned til sjøen, registrert som statleg sikra friluftsområde. Friluftsområdet er gitt verdi "svært viktig" og bruksfrekvens "svært mye": <http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?fid==FS00000330>.

Ålesund kommune viser til at området har stor verdi for friluftsliv og at elva ligg i eit tett befolka område som vert nytta til rekreasjon av ein stor del av lokalbefolkninga. Kommunen viser til at brukarar av området ved fleire høve har tatt kontakt fordi dei meiner at slangen bør gravast ned, då den er ei estetisk ureining. Ålesund Jeger og Sportsfiskerforening viser også til at vassleidningen er visuelt skjemmande.

Fiske etter sjøaure er ein viktig brukarinteresse, jf. temaet naturmangfald og fisk vurdert ovanfor.

NVE vurderer at tekniske inngrep i form av ein vassleidning med betonglodd liggande synleg på elvebotn er visuelt skjemmande og reduserer opplevingsverdien av ferdsel langs elva og utøving av fiske.

Kulturminne

Møre og Romsdal fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Fylkeskommunen har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i sjølve tiltaksområdet. Fylkeskommunen viser også til at saka er sendt til Bergen Sjøfartsmuseum som rette vedkomande når det gjeld kulturminne i vatn. Museet har ikkje merknader utover at dei viser til meldeplikta etter kulturminnelova § 8 dersom det vert gjort funn.

Flaum

Ålesund kommune ber NVE vurdere om ein 110 mm leidning liggande open i elva kan vere til problem under ein flaumsituasjon i vassdraget (inkludert kanalen). Etter NVE si vurdering vil ikkje vassleidningen i nemneverdig grad påverke flaumforholda i vassdraget.

Tiltaket sine fordelar for samfunnet

Å la vassleidningen ligge slik Brødrene Sunde AS ynskjer har etter NVE si vurdering ingen klåre fordelar for samfunnet, då bedrifta kan sikre seg vatn ved å leggje leidningen på land. Fordelen vil vere for Brødrene Sunde AS som då slepp ein ekstrakostnad på ca. 1,8 mill. kroner.

Alternativ

Ålesund kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at vassleidningen bør ut av elva og at det beste alternativet er grave leidningen ned på land.

Ein nedgraven vassleidningen på land på strekninga mellom pumpehuset og Litlevatnet (515 m) har vore vurdert av Brødrene Sunde, men er ikkje søkt om på grunn av høge kostnader. Det er i søknaden omtalt to alternativ for nedgraven vassleidning på land, eit alternativ på nordsida av elva og eit alternativ parallelt med elva på sørsida.

Ved alternativ nord må det etablerast ny pumpestasjon. Røyrtraseen går her langs den kommunale råvassleidningen (710 mm PE-røyr) som vart lagt i 2007. Framføring av ny vassleidning langsetter den eksisterande vil gå i eit enkelt terreng med små hindringar og lite vegetasjonsrydding. Grunnforholda består truleg av lausmassar og fast fjell. Alternativet ligg i god avstand frå elva og påverkar ikkje dei elvenære areala.

Alternativ sør er noko meir utfordrande med tanke på framføring av røyrgate. Her må det etablerast grøft i eldre skog. Traseen er delvis myrlendt med stor stein og/eller fjell. Det kan og bli naudsynt å bore delar av traseen ved passering av industriområde. Alternativet på sørsida vil ligge nær elva og vil i større grad kunne påverke elvekant og kantvegetasjon.

Det er gjort ein grov kostnadskalkyle for dei to alternativa. Alternativa skil seg ikkje så mykje i kostnad og begge er kalkulert med ein totalkostnad kring 1,8 millionar.

Brusdalselva har stor verdi for allmenne interesser knytt til biologisk mangfald, landskap og friluftsliv. NVE meiner difor at ein bør legge stor vekt på å redusere omfanget av nye inngrep på denne strekninga. NVE vurderer alternativet med nedgraven vassleidning på nordsida av elva, langsetter den kommunale vassleidningen, som det beste alternativet med tanke på å redusere inngrep og påverknad for allmenne interesser.

Retting av tiltak

NVE ved tilsyns- og beredskapsavdelinga sende brev til Brødrene Sunde AS datert 08.09.2014 med varsel om at vassleidningen i Spjelkavikelva var lovstridig og at dette måtte rettast opp. NVE bad samstundes om at det vart sendt inn eit forslag om korleis det lovstridige forholdet skulle bringast i lovleg orden. I brevet vart det vist til at tiltaket kunne bringast i lovleg orden anten ved å søkje om konsesjon etter vassressurslova § 8, eller ved at vassleidningen vart fjerna frå elva. Det vart vidare vist til at NVE normalt ikkje ville gi konsesjon til at leidningen vart liggande i elva med omsyn til elvemusling, sjøaure/laks og ål i den aktuelle elvestrekninga, og elva si betyding i høve til friluftsliv/rekreasjon. Med bakgrunn i dette rådde NVE til at Brødrene Sunde søkte Ålesund kommune om løyve etter plan- og bygningslova til å legge vassleidningen i grøft på land.

Brødrene Sunde AS gav i brev av 23.09.2014 tilbakemelding om at dei ville søke om konsesjon for tiltaket og NVE mottok konsesjonssøknad datert 13.04.2015.

NVE har heimel for retting av lovstridige tiltak etter vassressurslova § 59 der det står det følgjande: *«Når vassdragsmyndigheten konstaterer et rettsstridig forhold ved et konsesjonspliktig vassdragstiltak eller tiltak for utnyttelse av grunnvann, skal den gi pålegg om retting dersom det ikke gis konsesjon etter § 8 eller det tidligere vedtak blir omgjort etter § 28».*

Dersom det ikkje vert gitt konsesjon etter vassressurslova § 8, til å la vassleidningen bli liggande i Brusdalselva, er tiltaket å rekne som lovstridig. NVE som vassdragsmyndigheit har då plikt til å pålegge retting av tiltaket.

NVE minner om at det må sendast søknad til Ålesund kommune om å løyve etter plan- og bygningslova til å grave ned vassleidningen på land.

Oppsummering

I vedtaket har NVE lagt vekt på at ein open vassleidning i Brusdalselva vil kunne få negativ verknad for bestanden av sjøaure i eit vassdrag med store fiskeinteresser. Vassleidningen kan også få negativ verknad for bestanden av elvemusling i elva. Dette er i konflikt med OED sine retningslinjer. Vi har også lagt vekt på at tiltaket vil redusere opplevingsverdien av ferdsel langs elva og utøving av fiske.

Etter NVE si vurdering vil ikkje dei positive sidene ved å la vassleidningen bli liggande i vassdraget overstige desse ulempene.

Det er utanom å fjerne vassleidningen frå elva få avbøtande tiltak å sette inn, og eit avslag på søknaden vil etter NVE si meining best ivareta allmenne interesser knytt til biologisk mangfald og brukarinteresser. NVE vurderer alternativet med å grave ned vassleidningen på nordsida av elva, langsetter den kommunale vassleidningen, som det beste alternativet med tanke på å redusere inngrep og påverknad for allmenne interesser.

Dersom det ikkje vert gitt konsesjon etter vassressurslova § 8, til å la vassleidningen bli liggande i Brusdalselva, er tiltaket å rekne som lovstridig. NVE som vassdragsmyndigheit har då plikt til å pålegge retting av tiltaket. NVE vil difor samtidig med dette vedtaket sende brev til Brødrene Sunde AS med varsel om retting av tiltaket.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at ulempene ved å la vassleidningen i Brusdalselva bli liggjande er større enn fordelane. Kravet i vassressurslova § 25 er ikkje oppfylt, og NVE avslår difor søknaden frå Brødrene Sunde AS om løyve til å la vassleidningen bli liggjande i Brusdalselva.

NVE vil samtidig med dette vedtaket sende brev til Brødrene Sunde AS med varsel om retting av tiltaket.